

VEDTEKTER FOR SÆVARHAGEN FUS BARNEHAGE AS

Vedtatt av eigarstyret for Sævarhagen FUS barnehage AS 19.11.2024.

1. Barnehagen vert eigd og driven av Sævarhagen FUS barnehage AS.
2. **FØREMÅL**

Aksjeselskapet sitt føremål er på best mogleg måte å etablera og driva Sævarhagen FUS barnehage i Stord kommune.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalda skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og anerkjenna barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.

Barnehagen skal drivast i samsvar med:

- a) Lov om barnehagar og dei av Kunnskapsdepartementet til ein kvar tid fastsette forskrifter og retningslinjer.
- b) Rammeplan for barnehagar.
- c) Vedtak i Sævarhagen FUS barnehage.
- d) Årsplan /verksemdsplan for barnehagen.
- e) Internkontrollforskrifta og barnehagen sine egne tryggleiks/internkontrollrutinar.
- f) Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.
- g) Forskrift om tryggleik ved leikeplassutstyr.

Eigne sjekklister og dokumentasjon for internkontroll fins i barnehagen sitt HMS system og beredskapsplan.



Sævarhagen

3. BARNEHAGEN SINE ORGAN:

3.1 Eigarstyret

Eigarstyret er økonomisk ansvarleg for aksjeselskapet og skal vera eit kontrollorgan for barnehagen. Vidare fungerer eigarstyret som barnehagen sitt øvste organ mellom generalforsamlingane.

3.2 Årsmøtet (Generalforsamlinga)

Årsmøtet (generalforsamlinga) er barnehagen sin øvste myndigheit. Det er egne vedtekter for aksjeselskapet.

3.3 Foreldreråd

For å sikre samarbeid med barna sin heim, skal barnehagen ha eit foreldreråd.

- a) Foreldrerådet består av alle foreldra/føresette i barnehagen og skal fremja deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og foreldregrupper skaper eit godt barnehagemiljø.
- b) Foreldrerådet har myndigheit til å vedta at foreldrebetalinga kan setjast høgare enn maksimalsatsane ref § 4 forskrift om foreldrebetaling.
- c) Barnehageeigar skal sørge for at viktige saker vert lagt fram for foreldrerådet.
- d) Ved avstemming i foreldrerådet vert det gitt ei stemme pr. barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

3.4 Samarbeidsutvalet (SU)

For å sikre samarbeidet med barnet sin heim, skal barnehagen ha et samarbeidsutval.

- 1) SU skal være et rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- 2) Foreldra og dei tilsette vel to representantar kvar til SU, ein frå kvar base. I tillegg vert det valt ein vararepresentant, som stiller på møta ved behov.
- 3) Dagleg leiar er eigar sin representant i SU. Som eigar sin representant har dagleg leiar stemme-, møte-, tale- og forslagsrett i SU.
- 4) SU vert valt for eitt år om gongen og konstituerer seg sjølv (val av leiar og sekretær).
- 5) SU held møter etter ein oppsett plan, eller etter behov. SU leiar kallar inn til og leiar møta i SU. Dagsorden skal følgje møteinnkallinga.
- 6) Ved likt tal stemmer på samarbeidsutvals møter avgjer dagleg leiar si stemme.
- 7) SU skal behandle årsplanen for den pedagogiske verksemda, bli førelagt og har rett til å uttala seg i saker som er av viktigheit for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra. I tillegg kan utvalet få ansvar for å planleggja, samt gjennomføra ulike sosiale arrangement i barnehagen som juletreff og sommaravslutning.

Foreldremøte

Det skal haldast minst to foreldremøter i året. Dagleg leiar har ansvar for innkalling og gjennomføring.



Sævarhagen

4. OPPTAK - OPPSEIING

4.1 Overordna målsetning:

Ved opptak av barn skal det leggjast vekt på at barnehagelova sin føremålsparagraf vert ivareteken og barnehagen sin kapasitet og funksjon vert utnytta best mogleg.

Det skal vere ei hensiktsmessig samansetning mellom alder og kjønn.

Opptakskrins:

I hovudregelen bør opptak gjerast av barn som er busett i Stord kommune på søknadstidspunktet. Dersom barnehagen ikkje får fylt opp plassane med barn busett i kommunen kan barnehagen ta opp barn frå omkring liggjande kommunar.

4.2 Tilbod:

Barnehagen har følgjande barnehagetilbod:

100 % - 5 dagar/veke

4.3 Prioritering

Dersom barnehagen ikkje kan tilby plass til alle som søker skal opptak skje med utgangspunkt i den overordna målsetninga (punkt 4.1) og etter følgjande prioritetsrekkefølge.

1. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjennomførast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne. jfr. Lov om barnehagar § 18. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester § 5-1 første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3- 4 første ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehagen.
2. Barn av personalet kan få prioritet dersom tilbod om barnehageplass fordrast for å sikra rekruttering av kvalifisert personale.
3. Søsken av barn som allereie har plass i barnehagen med prioritering etter første barns ansiennitet. Plassen vert tildelt ut frå gruppesamansetting, alder og kjønn om tilhøva elles er likt. Dette gjeld også om barn i barnehagen skal byrja på skulen det året føresette ynskjer plass til aktuelle søsken, og om søsken ikkje oppfyller lovfesta rett til barnehageplass.
4. Barn med lovfesta rett til barnehageplass jf Lov om barnehagar § 16.
5. Barn som har plass i ein FUS barnehage, og som flyttar internt i kommunen og/eller til annan kommune. Oppseiingsstid vert opprettholdt ved barnehagebytte.
6. Barn som elles står på barnehagen si venteliste. Plassen vert tildelt ut frå gruppesamansetting, alder og kjønn om tilhøva elles er likt, jfr 4.1.

4.4 Opptaksmynde:

Barnehagen er med i samordna opptak i Stord kommune. Søknadsskjema vert sendt til kommunen og barnehagen mottek søkerlister innan avtalt frist.

Dagleg leiar lagar ei innstilling i høve til samordna opptak og føretek opptak etter punkt 4.1 og 4.3.

Avgjersle skal treffast så snart som mogeleg etter at det er motteke ei oppseiing. Ved supplerande opptak i løpet av barnehageåret vert opptaket si overordna målsetting; punkt 4.1 og prioriteringslista; punkt 4.3, halden. Tildeling av plass skal skje skriftleg.

Ved tildeling av plass signerer foreldre/føresette på at dei har godkjent vedtektene til barnehagen.

Dersom en forelder/føresett har fått oppseiing på grunn av manglande foreldrebetaling, og søker plass i ein annan FUS barnehage, skal uteståande beløp innbetalast før det vil vere mogeleg å få tildelt ny plass.

4.5 Klagerett

Søkjjarar som har fått avslag på sitt 1. eller 2. val av barnehageplass ved hovudopptaket har klagerett. Klagefristen er 3 veker etter at meldinga er motteken, eller søker burde ha skaffa seg kunnskap om avgjerda jfr § 9 i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage. Klagen må leggjast fram skriftleg til kommunen, og den skal grunnjevast. Kommunen skal undersøkje dei forhold klagen grunnjev og leggje klagen fram for barnehageeigar jfr forskrifta si § 7 og 8.

Den som får medhald i si klage vil få tilbod om neste ledige plass i barnehagen.

Ved supplerande opptak kan kun søkerar med lovfesta rett til barnehageplass klage dersom dei ikkje får tilbod om plass jfr forskrifta sin § 6.

4.6 Opptaksperiode:

Barnet har plass frå startdato som er oppgitt i tilbodsbrief.

Barn som får plass i Sævarhagen FUS barnehage har fast plass frem til 14.08 det året barnet byrjar på skulen eller til plassen vert sagt opp.

Barnehageåret går *frå 15.august til 14.august*.

4.7 Permisjon:

Permisjon kan kun innvilgast for eit avgrensa tidsrom dersom særlege tungtvegande grunnar skulle tilsei at dette er rimeleg. Særleg tungtvegande grunnar kan for eksempel vera at barnet sin forsørgjar mister si økonomiske forsørgjarevne, eller at barnet vert alvorleg sjukt og av helsemessige årsaker ikkje kan benytta plassen. Sistnevnte dokumenterast av lege.

4.8 Oppseiing av plass:

En plass skal seiast opp skriftleg med 2 månaders varsel. Oppseiingstida vert rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Oppseiingstida er gjeldande om ein takkar ja til plass, men ynskjer å stå vidare på venteliste til 1. ynskje.



Sævarhagen

Eigarstyret beheld retten til å krevja full betaling i oppseiingsperioden om plassen ikkje kan overtakast av andre. Oppsagt plass kan overtakast av eit anna barn før oppseiingsperiodens utløp dersom barnehagen har fylt opp alle plassane sine og det nye barnet som får tilbod om plass, ynsker å begynne før.

Barnehageplass som vert sagt opp frå og etter 1. april må betalast ut barnehageåret. Sjekk barnehageåret i punkt 4.6 i vedtektene. Det betyr at barnehageplass som vert nytta etter 31.05 vert fakturert, og må betalast ut barnehageåret.

5. AREALUTNYTTING

Barnehagen sitt leike- og opphaldsareal er satt til 4,0 kvm netto pr. barn over 3 år og 5,3 kvm netto for barn under 3 år. Kor mange barn som ut frå dette kan ha plass innanfor barnehagen sitt totale areal, må likevel vurderast konkret ved kvart opptak. Vedrørande arealutnytting gjeld til ei kvar tid "Lov om barnehagar".

6. OPNINGSTIDER

Barnehagen held ope fem dagar i veka frå kl. 06.30-16.30. Behovsundersøking kan endre den endelege opningstida. Opphaldstid for kvart enkelt barn skal begrensa innanfor den angitte opningstida. Barna skal leverast og hentast med tilstrekkeleg margin innanfor den fastsette opningstida.

Barnehagen har redusert opningstid til følgande tider:

I romjula kl 07.30-16.00.

Måndag og tysdag i påskeveka kl 07.30-16.00

Onsdag før skjærtorsdag kl. 07.30-12.00.

Veke 27, 28 og 31, dvs vekene rundt sommarstengt barnehage, kl 07.30-16.00.

Julaftan og nyttårsaftan er barnehagen stengt.

Opningstida kan bli redusert til andre tider etter kartlegging av behov.

Barnehagen har stengt 5 planleggingsdagar i året. Nærare beskjed vert gitt i god tid.

7. FERIE

Barnehagen har feriestengt i veke 29 og 30. I veke 28 og 31 har me redusert opningstid jfr pkt 6.

Det er ein føresetnad at alle barn har ferie saman med sine føresette.

Alle barn skal ha 4 veker ferie i løpet av året. 3 av dei skal vera samanhengande mellom 20. juni og 20. august.

Søknad om å avvikle ferien i eit anna tidsrom kan bli innvilga dersom det kan skje utan ekstra kostnader for barnehagen. Søknaden leverer ein til dagleg leiar i god tid på



Sævarhagen

førehand.

Barn som startar undervegs i eit barnehageår, tek ut ferie på same vilkår som for barn som startar 1. eller 15. august.

Foreldra skal så snart som mogleg i april gje melding om når barna skal ha sommarferie, og seinast innan 15. april. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeider dagleg leiar ferieliste for personalet, og plan for sommar drift av barnehagen.

Fem planleggingsdagar/år kjem i tillegg til ferie.

8. BETALING

Foreldrebetaling for ein plass i Sævarhagen FUS barnehage AS skal ikkje setjast høgare enn maksimalgrensa. Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Det betalast for 11 månader i året. Matpengar kjem i tillegg. Juli er betalingsfri måned.

Ved fråvær må foreldrebetaling betalast. Uregelmessig betaling kan forårsaka at barnet mistar plassen.

Foreldrebetalinga forfell til betaling forskotsvis den 1. i kvar måned. Dersom foreldrebetalinga ikkje er betalt innan forfall på inkassovarsel mister barnet plassen i barnehagen. Vanlege reglar for oppseiing vil då gjelde, sjå pkt 4.8.

Ved manglande, eller feil i registrering av foreldrebetaling, kan dette justerast i ettertid og få tilbakeverkande kraft.

Det skal betalast fram til tom 14.august det året barnet byrjar på skulen.

9. MAT

Barnehagen serverer kald eller varm lunsj kvar dag. Mjølkk og frukt er også inkludert i matpengar. Barna tek med matpakke til frukost.

10. HELSEMESSIGE FORHOLD/FRÅVÆR

Forskrift for miljø retta helsevern i barnehage og skule, samt arbeidsmiljølova slår fast at barnehagen som verksemd og arbeidsplass skal vera helsefremjande. Det betyr at barn og tilsette ikkje skal utsetjast for unødvendig smitte.

Dersom eit barn er sjukt eller har fråvær av andre grunnar skal barnehagen ha melding om dette så snart som mogeleg. Uregelmessig frammøte utan at det vert gitt melding til barnehagen kan medføra at barnet mistar plassen.

Sjuke barn eller sterkt forkjøla barn må haldast heime slik at dei ikkje smittar andre barn eller personalet.

Dersom barnet ikkje kan vera ute og delta i aktivitetar på lik linje med dei andre barna bør barnet haldast heime. Dagleg leiar avgjer i tvilstilfelle om barnet kan vera i barnehagen.

11. ANSVAR

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Eigarstyret er pålagt å teikne ulykkesforsikring for barna.

Levering og henting av barna er foreldre/føresette sjølv ansvarlege for. Den som følgjer barnet til barnehagen må ikkje forlate barnet før det har vore i kontakt med personalet.

Barnet skal hentast av en vaksen person som er kjent for personalet i barnehagen. Dersom barnet skal hentast av ein annan person enn den/dei som vanlegvis hentar barnet, skal barnehagen ha beskjed frå barnet sine foreldre/føresette om kven som skal hente barnet.

Beskjedar skal gjevast direkte til personalet.

Aksjeselskapet/personalet har ikkje ansvar for barnet sine medbragte klede eller andre eigendelar, td. vogn.

Personalet må ikkje ta med barna som passasjerar i eigen bil eller offentleg transportmiddel utan forskriftsmessig sikring av barnet, og at det føreligg skriftleg samtykke frå foreldre/føresette.

12. INTERNKONTROLL

Barnehagen har internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse, miljø og sikringsarbeid (internkontrollforskriftene) og barnehagelova sin § 9 om internkontroll. Dokumentasjon vert oppbevart i barnehagen. Internkontroll for helse, miljø og tryggleiksarbeid er utarbeida for barnehagen og vert kontinuerleg oppdatert av dagleg leiar.

13. DAGLEG LEIAR/ PERSONALE

13.1 Tilsetjingar

Barnehagen sin daglege leiar vert tilsett av eigarstyret. Øvrig personale vert tilsett av dagleg leiar.

Dagleg leiar representerer barnehagen sin eigar og er barnehagen sin daglege administrative og pedagogiske leiar.

Eigarstyret kan ved behov tilsette 2 daglege leiarar på same tid, dersom opprinneleg dagleg leiar har eit langvarig og/eller uavklart sjukefråvær.

Dagleg leiar rapporterer til eigarstyret.

Politiattest må leggjast fram ved tiltreding.

13.2 Instruks

Instruks for dagleg leiar vert fastsett av eigarstyret i barnehagen.

14. MISLEGHALD

Dersom foreldre/føresette som har barn i barnehagen bryt eller unnlèt å følgje barnehagen sine vedtekter, foreldrerådet sine retningsliner og avgjersler kan eigarstyret gå til oppseiing av plassen med umiddelbar verknad. Vanlege reglar for oppseiing vil då gjelde, sjå punkt 4.8.

Det vil kunne føre til oppseiing av plass, dersom barnet gjentekne gongar vert henta etter barnehagen si ordinære stenetid og dette medfører ekstra lønnskostnader for barnehagen.

15. SNUS OG RØYK

Barnehagen er snus- og røykfri

16. BIDRAG TIL FELLESSKAPET I BARNEHAGEN

Foreldre/føresette vert oppfordra til å hjelpe til med frivillig arbeid, og bidra til fellesskapet i barnehagen.

17. TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Dei tilsette i barnehagen har teieplikt i følgje Barnehagelova § 44 og opplysningsplikt i følgje barnehagelova § 45 og 46. Ein kvar som utfører teneste eller arbeid etter denne lova, pliktar og å gje opplysningar etter pålegg i samsvar med barnevernslova § 13-4.

§44 Teieplikt

For verksemdar etter denne lov gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§13 til 13f tilsvarande.

§45 Opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse og omsorgstenesta.

Barnehagepersonalet skal gje sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta bistand i klientsaker. Dei skal i sitt arbeid vera merksame på forhold som bør føra til tiltak frå kommunen si side, og skal av eige tiltak gje sosialtenesta eller den kommunale helse- og omsorgstenesta opplysningar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysningane berre verta gitt etter samtykke frå klienten, eller så langt opplysningane elles kan bli gitt utan hinder av teieplikta. Opplysningar skal normalt bli gitt av styrar.



Sævarhagen

§46 Opplysningsplikt til barneverntenesta

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid vera merksame på forhold som kan føra til tiltak frå barneverntenesta si side.

Ein kvar som utfører teneste eller arbeidar etter denne lova, skal utan hinder av teieplikt melde frå til barneverntenesta utan ugrunna opphald.

- a) når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller anna alvorleg omsorgssvikt
- b) når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstrugande eller anna alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling, eller at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekkja sitt særskilte behov for behandling eller opplæring
- c) når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli utnytta til menneskehandel

Ein kvar som utfører teneste eller arbeid etter denne lova, pliktar også å gi opplysningar etter pålegg i samsvar med barnevern lova § 6-4.

18. ENDRING AV BARNEHAGENS VEDTEKTER

Desse vedtektene er vedtekne av eigarstyret i Sævarhagen FUS Barnehage AS 19.11.2024. Eigarstyret har mynde til å endre barnehagen sine vedtekter etter at endringsforslag er førelagt samarbeidsutvalet til uttale.

Når barn og føresette vert registrert i MyKid, må føresette stadfeste at barnehagen sine vedtekter er lest og akseptert. Ved endringar av vedtekter, vil dette leggast fram for SU, og vidare informerast ut til føresette via MyKid.